

Referat frå årsmøte i Jøsneset Bygdaråd

Trivselstova 05.03.2025

Frå Bygdarådet møtte Oddvar Skiftun, Silje Sværen, Jostein Hjorteland, Joar Rosså og Svanhild Hjorteland Gbada, i alt var 19 personar på møtet. Det blei servert kake, kaffe og te.

Sak 1: Val av møteleiar: Oddvar Skiftun blei vald.

Sak 2: Innkalling og saksliste: Godkjend

Sak 3: Årsmelding 2024: utsendt på førehand og framlagd på møtet: Godkjend utan endringar

Sak 4: Rekneskap 2024 : Godkjend slik framlagd på møtet. Ei tilføyning om at fastrentebeløpet på bankkonto kan aukast, td 300-400 000 meir, for eitt år

Sak 5: Budsjett 2025: Framlagd forslag på årsmøtet. Godkjend med to korrigeringar:

- Mva-kompensasjon 30 000 førast som inntekt
- Summen for renovering/universell utforming av inngangsparti grendahus kan aukast til inntil 500 000, dersom nordre garderobe mm blir tatt med nå.

Sak 6: Forslag til endringar i reglement, framlagd forslag:

1. For § 1: Ta ut ordet «upolitisk» : *Jøsneset Bygdaråd er eit upolitisk organ, og har som føremål å fremja og ivareta allmenne interesser gjennom samarbeid innad i krinsen og med andre private og offentlege organ»* Vedtak: Godkjend.

2. For § 4, kulepunkt 6 som pr i dag lyder: *Årsmøtet vel valkomite på 3 personar som legg fram innstilling til val på nye medlem til styret og eit nytt medlem til valnemda. Innstilte personar skal på førehand vere førespurte. Medlemmene i valnemda blir valde for 3 år slik at eitt medlem er på val kvart år.*

Forslag til endring : *Årsmøtet vel valnemnd på 3 personar etter tilråding frå styret. Valnemnda legg fram tilråding om val av styremedlemmer, varamedlemmer og revisor..» - osv som før..»*

Vedtak : Ikkje godkjent. Årsmøtet ønskjer at slike endringar fremjast skriftleg og helst på førehand slik at det blir tid å sjå på alternativa. Kan eventuelt fremjast til neste årsmøte.

Sak 7: Val: Valnemda var: Berit Hjorteland, Ingeborg Westersjø og Solveig Bog. Berit la fram valnemda sitt forslag, og dette blei godkjend:

- Oddvar Skiftun på val som leiar: Blei attvald som leiar for 1 år
- Silje Sværen på val i styret: blei attvald i styret for 2 år
- Johan Fosså blei vald som ny i styret for 2 år
- Joar Rosså og Svanhild Hjorteland Gbada var ikkje på val og har 1 år igjen i styret.
- Ellen Mari Fosså blei vald som revisor for 2 år
- Jon Eiane Brandal og Øyvind Oaland blei attvald som varamedlemmer for 1 år
- Jostein Hjorteland gjekk ut av styret etter 5 år.

Årsmøtet valde deretter følgjande valnemd:

- Solveig Bog, attvald, for 1 år
- Christian Wyller, for 2 år
- Elsa Nesvik Altamirano, for 3 år

Jostein Hjorteland fekk takk og blomar for sin frivillige innsats i styret.

Berit Skiftun Hjorteland og Ingeborg Westersjø fekk takk og blomar for si frivillige innsats i valnemnda

Sak 8 – Orientering /drøfting

Styret ønskja tilbakemelding frå årsmøtet på korleis Bygdarådet skal forhalde seg i store saker som påverkar bygda, og som det gjerne kan vere delte meiningar om, som td pågående sak Kommunedelplan Byggeråstoff og innspel om pukkverk/steinbrot i Knutsvikheia.

God drøfting om Bygdarådet sin rolle i slike saker, og ulike synspunkt blei lufta. Nokre meinte at det er naturleg/viktig at Bygdarådet uttalar seg, medan andre meinte at Bygdarådet skal representerere alle i bygda – og i saker som denne er det då vanskeleg, då meiningane er delte.

Det som hadde mest tilslutning var at Bygdarådet si rolle er å formidle informasjon, leggje til rette for meiningsutveksling og opne møteplasser for diskusjon. Bygdarådet forheld seg nøytrale. Men dersom det skal formidlast eit syn «frå bygda» så skal dette skje via avstemming til dømes gjennom «postkasseundersøkelse» eller almannamøte med hemmeleg avrøysting. Utfordringa ift almannamøte kan vere at mange ikkje møter opp. Ein må velje ein «metode» som gjer at flest mogleg kan ytre si mening, basert på sakleg informasjon. I forhold til den nemde saka blei det òg påpeika at det pr i dag foreligg for lite informasjon, og det er for tidleg/vanskeleg å ta stilling til nå. Dersom ein skal gjennomføre ei avrøysting eller undersøking, så må ein vente til ein veit meir. Bygdarådet informerte elles om at Hjelmeland kommune inviterer til informasjonsmøte om den aktuelle saken 20. mars kl 18.00 på Grendahuset, og oppmoda alle om å møte opp for å få meir informasjon.

Sak 9: Eventuelt

Ingeborg Westersjø informerte om at ho har oppdrag å kalle inn til 17.mai-komitèmøte. Resultatet er at det er vanskeleg: veldig få av dei oppsette på lista, òg av varamannlista, som sa ja. Men andre frivillige har nå meldt seg, så det blir nok lokal nasjonaldaysfeiring i år òg. Dersom komiteen ikkje blir fulltallig (8stk), kan evt ting gjerast enklare både ift mat og aktivitetar.

Rasin Tjeltveit purra på den planlagde infotavla ved Fosstemmen.


Svanhild H. Gbada
Skiftun 06.03.2025, Svanhild Hjorteland Gbada